



Elizabeth Warren  
Hordaland fylkeskommune  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/653 - 14/1779

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

Dato:  
12.02.2014

## Søknad om tilskot til kulturminneplan for Meland kommune

### **Bakgrunn**

Hordaland fylkeskommune utlyste den 27.1.2014 invitasjon til samarbeid om kulturminneplanar i kommunane 2013–2016 og utlysing av midlar.

Meland kommune ønskjer velkommen invitasjonen og søkjer med dette skriv om tilskot til utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne og støtte til registrering av kulturminne.

### **Kvifor kulturminneplan i Meland kommune**

Meland kommune har svært høg folkevekst i randsona av Bergen. Vi har mange unge innbyggjarar der nær 30% er under 18 år. Folkevekst skapar utfordringar på mange plan, også for identitet og stadkjensle der ein står med éin fot i den gamle kystkulturen og éin fot i det moderne forstadslivet. Meland kommune er ein presskommune i høve til arealendringar. For å sikre attraktive, gode identitetsfremjande leve og bumiljø, er grønstruktur, friområde og kulturmiljø/landskap ein viktig del av arealstrategiane i kommunen. Ein hovudsatsing i alt vi gjer er folkehelse. Bakgrunn for at vi ønskjer å lage ein plan er og blant anna å sikre at det vert teke betre omsyn til kulturminnevern ved arealplanleggjing og byggjetiltak, og å lette samordninga og føreseielegheita etatane i mellom.

Ein føring for tildeling av dei utlyste midlane er at kulturminneplanarbeidet bør vere forankra i den kommunale planstrategien. Kulturminneplan er ein del av Meland kommune sin planstrategi og eit satsingsområde for kulturavdelinga. Kommunen er i slutføringa av arbeidet med å rullere kommuneplan. i samfunns- og arealdelen i kommande kommuneplan er følgjande verdiar og mål vedteke :

### **Kommunen sine verdiar og målsetjingar**

- Livskvalitet i Meland
- Berekraft i Meland
- Næring i vekst
- Aktiv i Meland

### **Hovudmål**

Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet

Vi skal ha ei berekraftig utvikling

Vi skal vere ein av den mest attraktive næringskommunen i Hordaland  
Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

### **Eit delmål i kommuneplanen er at**

1. Det skal lagast ein kulturminnevernplan for kommunen
2. Verdfullt kulturlandskap skal sikrast gjennom omsynsone

### **Målet med kulturminneplanen er**

- Planen skal gjere eit utval av kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast å takast i vare for ettertida.
- Planen skal vere eit reiskap for sakshandsamarar i kommunen innan arealplanleggjing byggjesak og kultur, og for lokalt kulturminnevern.
- Planen skal ta for seg strategiar på korleis ein skal bruke og ta vare på kulturminne i samband med reiseliv, friluftsliv og andre næringsverksemdar.
- Planen skal identifisere og registere verneverdige kulturhistoriske interesser og nyare tids kulturminne, både materielle og immaterielle.

Det er eit stort behov for kulturminneplan i Meland. Mykje av den kommande utbyggjinga vil skje i utmark, og vi vil i arbeidet ha eit fokus på det kulturhistoriske utmarkslandskapet og tilhøyrande kulturminne . Tidligare og noverande innmark er under gradvis press frå utbyggjing. Det er få omfattande registreringar og utgravingar i kommunen. Unntaka er nokre eldre registreringar, utgravingane i samband med Nordhordlandsbrua og Meland golf- og naturpark, samt nokre fylkeskommunale registreringar. Sefrakregisteret er modent for ein gjennomgang og oppdatering.

### **Arbeidsopplegg**

Vi vil gjere ei registrering av nyare tids kulturminne og kulturmiljø. Vi vil utarbeide strategiar for kjente automatisk freda kulturminne. Vi vil ha særleg fokus på dei kulturminna og –miljøa som har ein lokalhistorisk betydning samtidig som vi sjår dei regionale og nasjonale verdiane. Vi vil invitere innbyggjarane til å bidra og forankra kulturminna sin posisjon i lokalsamfunnet. Vi vil søkje ein geografisk og kulturhistorisk breidd. Planarbeidet skal vidare ha særleg fokus på å identifisere samanhenger i det historiske landskapet, noko som er svært viktig for å få til eit godt lokalt forankra kulturminnevern. Både minne knytt til livet langs kysten og innlandet vil vere i sentrum, samt samspeilet mellom desse to sonane på Holsnøy.

Meland kommune har ikkje god økonomi og har behov for bistand til registrering og utarbeiding av kulturminneplan. Dersom vi kan få økonomisk stønad til registreringsarbeidet og konsulentteneste vil vi vere på god veg til å få eit svært verdifullt plandokument i arbeidet med å ta vare på både den materielle og immaterielle kulturhistoria i Meland kommune. Planen vil bli utforma av kulturkonsulenten, som har bakgrunn som arkeolog og med støtte frå Museumssenteret i Nordhordland.

### **Søknadssum**

Vi å søker kr 100 000 i tilskot *til registrering av kulturminne*. Kommunen er ulendt med store utmarksområde og gjengrodd innmark, noko som vil gjere registreringsarbeidet tidkrevjande.

Vi søker kr 100 000 i tilskot *til utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne*. Gjennomgang av eksisterande registreringar og ikkje nedteikna lokalkunnskap vil vere tidkrevjande og vi har behov for råd og bistand til å få gjort dette arbeidet på ein effektiv måte.

Vi håper på positivt svar.

Med helsing

Bente Bing Kleiva  
leiar kultur

Eirik Bouwer Utne  
kulturkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Elizabeth Warren

Hordaland  
fylkeskommune

5020

BERGEN